

ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dato	30.08.2024
Vår referanse	2024/32699-2
Dykkar referanse	23/2487
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsinnspel til forslag til endringar i energiloven (tidleg saksavslutting mv.). Energidepartementet sin ref: 23/2487

Oppsummerte endringar

Endringane som blir føreslått, inkluderer m.a.:

- Innføring av ein ny heimel for at behandlinga av energiprojekt som klart ikkje vil få konsesjon, kan avsluttast på eit tidleg stadium i konsesjonsprosessen.
- Ny frist for å søkje om konsesjon etter fastsetjinga av utgreiingsprogram på to år.
- Ny heimel for å avvise mangelfulle meldingar og søknader.
- Henteplikt for produksjon som blir tilknytt nett opp til og med 22 kV.
- Modernisering av søknads-, kunngjerings- og omgjeringsreglane.
- Forlenging av den maksimale varigheita for nye konsesjonar.
- Lovfesting av detaljplanfasen.
- Innføring av nye byggjefristar.
- Ny heimel for å påleggje etterundersøkingar.

Vurdering

Vestland fylkeskommune har i vedtak i fylkesting og fylkesutval tidlegare peika på at det er svært problematisk at det er lange sakshandsamingstider og lang kø for å få sakshandsamar i konsesjonssaker.

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune spelte m.a. inn til Energikommisjonen i 2022 at «...tidsbruk for sakshandsaming i konsesjonssaker må ned. ...»

Vi legg til grunn at energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 med retningslinjene i planen.

Tidleg avslutting av konsesjonsprosessen er nyttig for å frigjera sakshandsamarar frå å jobba med ikkje-realiserbare prosjekt, som det elles kan gå med mykje tid til. Departementet forklarar at ein må kunne avslutte eit prosjekt tidleg der forslagsstillar fell bort, område er omfatta av vernevedtak det tiltaket vil svekka verneverdien, det er særleg fare for naturskade eller tiltaket vil medføre vesentlege negative verknadar for miljø eller annan arealbruk. Fylkeskommunen vurderer at jobbing med slike prosjekt ikkje berre gjev lite effektive konsesjonsprosessar, men kan òg skapa splid i eit lokalsamfunn. Fylkeskommunen meiner at tidleg avslutting av ikkje-realiserbare konsesjonsprosessar er eit godt tiltak. Det same gjeld forslag om moglegheit til avvising av mangelfulle saker. Dette vil ikkje berre spare ressursar i NVE eller ED, men og i kommunar, hjå statsforvaltar og andre interessantar, som legg ned mykje arbeid i ein konsesjonsprosess.

Fylkeskommunen er samd med departementet sitt forslag om at konsesjonssøknad i utgangspunktet må sendast innan to år etter utgreiingsprogrammet er fastset. Dette sikrar at ikkje avgjersler fattast basert på utdatert kunnskap.

Departementet sitt forslag om henteplikt går ut på at områdekonsejonær skal ha plikt til å knyte produksjon som leverer opp til 22 kV til nettet. Det har dei ikkje i dag, sjølv om dei lenge har hatt leveringsplikt (plikt til å kopla til uttak opp til 22 kV). Dette vil auke arbeidsmengda for områdekonsesjonæren, men vil føre til færre konsesjonssaker då tiltaka kan gjennomførast innan områdekonsesjonen. Områdekonsesjonæren er òg profesjonelle nettutbyggjarar, noko som sikrar val av gode nettløysingar.

Varigheita av konsesjonar har til no vore avgrensa til 30 år. Departementet føreslår å auka dette til 50 år. Dei meiner at hovudregelen bør vera at varigheita til konsesjonen tilpassast det enkelte anlegget si venta tekniske og økonomiske levetid. Det er spesielt nettanlegg som har levetid på godt over 30 år. Nettanlegg kan i visse tilfelle ha levetid på heilt inntil 90-100 år. Departementet meiner at maksimalt 50 år gjer det mogleg å i større grad tilpassa konsesjonstida til levetida til anlegget og samstundes sørgjer for at ikkje konsesjonane ikkje vert for gamle (med tilknytte forelda vilkår). I praksis ser fylkeskommunen at ein god del eldre konsesjonar for vasskraft og nettanlegg har vart i opptil og meir enn 50 år. Vi er samde med departementet med at konsesjonar ikkje bør vare utover dette. Vi ser likevel at det er samfunnsøkonomisk at konsesjonar varar ut teknisk og økonomisk levetid for anlegga. Vi meiner det er viktig at det dokumenterast at eit anlegg er venta å fungera godt utover 30 år for at det skal gjevast konsesjonar som varar utover dette.

Vi har god erfaring med detaljplanløysinga som praktiserast i dag. Det er bra at denne lovfestast. Dette hindrar ikkje at detaljplan og konsesjon kan handsamast parallelt.

Det nye byggjefristane er føreslått til at bygging må starte opp innan fem år frå gjeve konsesjon og at driftssetting av anlegget må skje innan fem år etter byggjestart. Den enkelte konsesjonen kan avvika frå dette då det er stor forskjell på ulike anlegg, men dette vert utgangspunktet. Vidare er forslaget at ein kan søkja om utsetting av frist i inntil to år om gongen.

Departementet vil gjera om på lovverket knytt til omgjering av konsesjonar. Eit viktig grep er at dei vil at ved omgjering så skal den omgjorte konsesjonen vara ut tida til opphaveleg konsesjon. Dette er viktig, meiner fylkeskommunen, då berre fullstendige konsesjonsprosessar bør kunne gje fullstendig konsesjonstid. Vidare kan det vere behov for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget knytt til lange konsesjonar undervegs i driftsfasen. Ny kunnskap kan gjera at det vert naudsynt å setta nye vilkår undervegs i konsesjonen. Dette meiner vi er lurt.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift